

TAMPA

Eit teatermanus basert på «TAMPA-saka» i 2001

Av: Eli Hårklau

**Idé: Internasjonalt Utvalg i Folkehøgskolerådet
Medprodusent: Sunnhordland Folkehøgskule**

FORORD FRÅ FORFATTEREN

Dette manuset vart skriva i løpet av sommaren og hausten 2008. Det var Terje Johansen i Internasjonalt Utvalg som, under eit besøk på Sunnhordland FHS høsten 2007, lufta planane om å lage teater av TAMPA-saka, og eg tente på denne ideen. Historia om TAMPA inviterer til refleksjon kring etiske dilemma på både eit politisk, eit medmenneskeleg og eit personleg plan. I tillegg er det ei spennande historie, eit dramaturgisk godt «plot».

Vi hadde urpremiere på TAMPA på Sunnhordland FHS i november 2008, og manuset er justert litt etter dette. Eg håpar at fleire folkehøgskular vil bruke manuset, og gjera det til sitt eige. For oss på SHFS var det naturleg å ta i bruk både dans, musikk, biletkunst og lydkulissar i tillegg til teater, sidan vi har denne linjesamansetninga. Eg håpar andre skular endrar manuset som dei sjølve vil, og tilpassar det til sine ønske og sitt bruk.

Eg vil tilrå å lese boka *TAMPA* av Terje Svabø før ein set opp dette skodespelet. Slik får ein kjennskap til kva som faktisk skjedde i 2001, og kan presentere historia med truverdigheit. Eg har også gjort ein del bakgrunnsundersøkingar når eg har skriva dette manuset – så om ein endrar mykje på innhaldet, ville eg ha sjekka det med kjelder som har kunnskap om temaet.

Eg har sjølv sagt tilpassa historia til å passe i eit teaterformat. Ein kan ikkje ta med alle detaljane i det som skjedde. Eg har lagt vekt på at dette ikkje er ein dokumentar, men eit teaterstykke *basert på* den sanne historia. Eg veit ikkje om det i det heile tatt var nokon som heitte Rasul og Zahra blant dei afghanske flyktingane ombord på TAMPA – dette er navn eg har henta frå møte med menneske på mitt nærmaste asylmottak. Eg syntest det var betre å fortelje ei historie inspirert av desse menneska som eg faktisk har møtt, enn å «tenke seg til» ei historie til TAMPA-flyktingane. Om nokon vil endre på dette, syns eg det er veldig spennande! Dei einaste rollane som er navngitte med faktiske navn, er kaptein Arne Rinnan og statsminister John Howard. Når det gjeld kommunikasjonsutstyr ombord på TAMPA, har eg tatt meg den fridomen å skriva inn ein radio, sjølv om dette eigentleg er utdatert utstyr. Det som faktisk vart brukt var ein Inmarsat-C, men dette er ein skriftleg kommunikasjonsform, og ikkje spesielt spennande på teater...

Våre elevar laga sin eigen musikk til framsyningane på Sunnhordland. Om nokon vil bruke denne musikken, kan dei ta kontakt med oss. Vi hadde også ei gripande kunstutstilling med kritt-teikningar som elevane laga. Teikningane fortalte om flukten til ein av rollane i stykket (Zahra). Etter forestillinga fekk publikum sjå nye teikningar som viste motiv frå andre, meir nylege saker med båtflyktingar. I tillegg fekk publikum eit kort kvar, med eit kunsttrykk, samt litt informasjon om temaet og om organisasjonar ein kan engasjere seg i. Desse teikningane kan også kopierast, for dei som måtte ønske å setje teaterstykket inn i ein meir heilheitleg kontekst. Ta kontakt med oss på Sunnhordland om dette verkar interessant.

Til slutt vil eg rette ein stor takk til alle som har hjelpt til i skriveprosessen:

- Terje Johansen – for ideen, fruktbare tilbakemeldingar og ei alltid like raus og inspirerande støtte.
- Rasul Miakhel og Edriss Bahar frå Heiane Mottakssenter – varm takk for «inside info» om Afghanistan og Taliban, og eit inntrykk av livet på flukt. (Rollen Rasul er inspirert av Edriss' historie, og oppkalt etter Rasul)
- Hans Rikard Johansen, kadett på TAMPA i 2001. Takk for god informasjon om livet ombord dei dagane dei hadde gjester. (Rollen Kristian er inspirert av Hans Rikard)
- Hans Christian Bangsmoen i Rederi Wilhelmsen – takk for informasjon om båtlivet generelt.
- Christian Stranger Johannessen og Dag Øyvind Olsen, som var hhv student og journalist i

Australia i 2001 – takk for eit godt innblikk i stemninga i Australia under TAMPA-saka, og bakgrunnsinfo om kva som skjedde i dei politiske korridorane.

- Kjersti Rognes Solbu – Stor takk, og kudos, for super rettleiing i redigeringsarbeidet.
- John Paul Cunningham, Unni Landa, Jan Krey, Elin Sofia Lotsberg og Mona Økland – takk for at dei las manuset og kom med konstruktive og inspirerende tilbakemeldingar.

Og for den hektiske prosjektveka på Sunnhordland Folkehøgskule, som utvikla manuset vidare og gav det liv – varm takk til:

- Maia Brøndmo – den kloke prosjektleieren, samt alle andre kolleger.
- Alle elevane på Sunnhordland FHS 08/09 – STOR KLEM for fantastisk innsats i ei intens veke!

Eli Hårklau

TAMPA

Karakterar

Journalist/Spelleiar

Kristian, ein norsk kadett – 19/20 år

Førstestyrmann Anne (FSM)

Arne Rinnan, norsk kaptein

Zahra, afghansk jente – 16-17 år

Rasul, afghansk mann – ca 25 år

Statsminister John Howard, australsk

Rådgjever, australsk

Assistent Betty (australsk kontorassistent)

Australsk Innbyggjar 1 (AI 1)

Australsk Innbyggjar 2 (AI 2)

Nordmann 1 (NM1)

Nordmann 2 (NM2)

Mindre roller/statistar/stemmer

Fatemeh, Mor til Zahra. (Gravid.)

Rescue Control Centre-stemme

Major Kahn

Stemmer frå New York Times, NRK Hordaland, VG, + amerikansk musical-forfatter

Torbjørn Jaglands stemme

Scenearbeidar

Flyktningar (så mange som ein har statistar til)

Litt om ramma for stykket

Det er fysisk fem ulike «leirar» på scena: Dekket på TAMPA, brua på TAMPA, ei tv-stove i Noreg, ei tv-stove i Australia og eit statsministerkontor i Australia. Den einaste som kan bevege seg mellom desse leirane er journalisten, som fungerer som ein slags «Spelleiar».

Rollane kan, med samtykke frå Spelleiar, gå ut av fiksjonen, og kommentere sin eigen funksjon, informere publikum om andre roller, eller sin oppfatning av situasjonen.

Intro

Spelleiar og skodespelaren som speler førstestyrmann kjem fram på scena, ser på publikum.

Spelleiar:
Hugsar du TAMPA?

Skodespelar:
Hm?

Spelleiar:
TAMPA. Det skipet.

Skodespelar:
?

Spelleiar:
Utanfor den australske kysten. Plukka opp nokre afghanske flyktningar som heldt på å drukne. Og så fekk dei ikkje gå i land i Australia.

Skodespelar:
Åjaaa, ja, det... (hugsar ikkje)

Spelleiar:
I 2001.

Skodespelar:
Ok.

Spelleiar:
Uansett, vi skal spele eit teaterstykke om det.

Skodespelar:
Hæ?

Spelleiar:
Jepp! Om TAMPA!

Skodespelar:
Høyrest festleg ut...

Spelleiar:
Jadda! Song og musikk og moro og skipbrudne afghanske flyktningar – glimrande underhaldning, syns du ikkje?

Skodespelar:
Kjempegøy...

Spelleiar:
Du skal spele førstestyrmann.

Skodespelar:
Skal eg?! Så kult! Får eg ha uniform?

Spelleiar:
Jepp! (scenearbeidar kjem inn med uniformsjakke) Dette er (navn på scenearbeider). Han/ho skal vera scenearbeider.

Scenearbeidar:
Trengr du noko i løpet av forestillinga, er det berre å gje eit vink! (Går ut igjen)

Skodespelar:
Jøss, takk...

(Dei to nordmennene riggar seg til framfor TV med potetgull og brus)

Skodespelar:
(Kviskrar til spelleiar) Eeh, kva gjer dei her?

Spelleiar:
Dei skal spele nordmenn som ser på TV. (Scenearbeider plasserer evt flagg/skilt som markerer Noreg)

Skodespelar:
Nordmenn som ser på TV?

Nordmann1:
Hei! Nordmann 1 her. Dette er Nordmann 2.

Nordmann 2:
Hei!

Skodespelar:
Eh, OK.

Spelleiar:
Såh? Kan du replikkane dine no, då?

Skodespelar:
Ja, klart.

Spelleiar:
Øvd?

Skodespelar:
Jada.

Spelleiar:
Så du berre lata som at du ikkje visste noko om dette no?

Skodespelar:
Jaja, klart det. Det står jo i manus at eg skulle det, så...

Spelleiar:
Jepp...

(Litt stillhet, dei ser på publikum)

Skodespelar:
Skal vi..

Spelleiar:
Jah! Er alle klare der bak? Kristian? Zahra? John Howard? Lyd og lys? (Folk roper til svar)

(Skodespelaren blir til førstestyrmann, spelleiar set seg ein eller annen plass og ser på handlinga. Lyset endrar seg – tydeleg at vi går inn i ein fiksjon. Musikk eller lyd av hav, evt skip som fløytar. Vi ser Kristian som jobbar. Førstestyrmann går forbi.)

Scene 1

Førstestyrmann (heretter FSM):
Kristian?

Kristian:
Ja?

FSM:
Har du sjekka containersikringane?

Kristian:
Ja, eg har gått over alt saman.

FSM:
Vi nærmar oss Sunda-stredet, så...

Kristian:
Eg skal låse luker og dører no etterpå.

FSM:
Fint. Når går du av vakt?

Kristian:
Klokka fire. Du, då? Jobbe i heile dag, eller?

FSM:
Nei, eg har fri snart. Skal berre snakke med Rinnan.

Kristian:
Eg såg han gjekk opp på brua i stad.

FSM:
Fint.
(Dei står litt – ser utover havet)

FSM:
Varmt.

Kristian:
Jah!

FSM:
(Flirer) Har du trappa ned på solkremen, eller?

Kristian:
Jadå, har blitt vant til sola no.

FSM: (ertar fordi han har vore solbrent lenge)
Må berre ikkje bruke for lite. Ille å arbeide her ute viss ein blir brent!

Kristian: (flirer, flau)
Ja, nei, det går bra no.

(Pause)

Kristian:
Har du vore gjennom Sunda-stredet før, eller?

FSM:
Mange gonger! Men eg har aldri sett noko til piratar, om det er det du tenker på.

Kristian:
Har jo høyrte historiar...

FSM:
Det går heilt fint. Så lenge vi klargjer skipet og er førebudde, skal det ikkje skje noko. (liten pause)
Eg skal opp til Rinnan, eg. Snakkast, Kristian! (går opp på brua)

Scene 2

(I Australia – på kontoret til statsminister Howard. Rådgjevar og assistent kjem inn.)

Rådgjevar:
God morgon, statsminister!

Statsminister:
Morn! Kva har du til meg i dag? Har dei siste valgmålingane kome?

Spelleiar:

OK, OK, vent litt. (til publikum) Dette er altså den australske statsministeren. Kva heiter du, statsminister?

Statsminister: (litt irritert over forstyrringa)

John Howard. Dette er ein av rådgjevarane mine, og kontorassistenten vår. Vi skulle akkurat til å gå gjennom valgmålingane. Kan vi...?

Spelleiar:

(til publikum) For her borte har vi liksom Australia, då. (Scenearbeidar plasserar flagg/skilt som markerar Australia) Med statsminister Howard, rådgjevaren hans, assistenten Betty og to tilfeldige australske innbyggjarar som sit her og ser på TV.

Australsk Innbyggjar 1&2:

Hei! (vinkar til publikum)

Spelleiar:

Glimrande! Takk. Da kan de få fortsetje.

Statsminister:

Takk skal du ha. (himlar med augene til rådgjevaren.) Ja, beklagar dette. Kva var det du sa? Nye valgmålingar?

Rådgjevar:

Ja. Det... Det har gått nedover i det siste...

Statsminister:

(Ser på dokumentet) Pokker... har vi ein strategiplan vidare?

Rådgjevar:

Absolutt, Howard. Det du har skåra mest på før, har vore den faste styringa av økonomien. Vi må berre køyre på med slike saker der vi har lukkast før.

Statsminister:

OK, kan du snakke med finansdepartementet og få ei oversikt på det av dei, Betty?

Assistent:

Ja. Skal ta det i løpet av føremiddagen.

Statsminister

Korleis er formen, forresten? Alt står bra til?

Assistent:

Jadå, vi var på ultralyd i går, og alt ser bra ut. Charlie er veldig spent på om det er gut eller jente, men eg vil ikkje vite det enno.

Statsminister:

Spennande, du må gle deg!

Rådgjevar:

Ja, første gongen er heilt spesielt.

Statsminister:

Skal vi sjå... Kva saker er det vi skårar dårleg på her?

Rådgevar:

Vi har eit stort problem med grensehald. Det kjem ein så stor straum av båtflyktningar, spesielt mot Christmas Island, at vi får problem med å...

Statsminister:

Jah... Menneskesmuglinga.

Rådgevar:

Folk er leie av innvandringa, spesielt når det gjeld muslimar. Folk er skeptiske til korleis dei kan tilpasse seg vårt samfunn.

Statsminister:

Vi må markere styrke her. Understreke at vi skal få til ei styring på dette. Ta kontroll.

Assistent:

Korleis vil du greie det?

Rådgevar:

Strengare grensehald, koble inn hæren i større grad, avskjære båtflyktningane før dei kjem inn i australsk farvatn... Vi må lage ein strategi på det.

Statsminister:

Detaljane får vi finne ut seinare. Men vi kan ikkje snakke om flyktningar i media, altså. Vi må fokusere på positive saker no, og kanskje komme med eit utspel mot opposisjonen?

Rådgevar:

Fint, eg skal snakke med pressesjefen og høyre om han kan få deg inn på eit talkshow eller noko. På tide å synast litt i mediebildet igjen, trur eg.

Statsminister:

Mja, viss eg må, så... (dei smiler, og samlar papirene sine, møtet er over) Takk for kaffien, Betty, perfekt som vanleg!

Assistent:

Anytime!

Scene 3

(På brua)

Førstestyrmann:

Alt som vanleg?

Arne Rinnan:

Hysj! Kom og høyr!

(Dei lyttar til radioen)

RCC:

...båten er ca 35 meter lang, truleg over 80 menneske ombord. Posisjonen er 9 grader, 32,5 minuttar sør, 104 grader og 44 minuttar aust. På taket av båten kan ein sjå at dei nødlidande har skrive S.O.S og HELP.

FSM:

Nødmelding?!

Rinnan:

Hysj!

RCC:

Vi gjentar: Mayday, mayday. Ber alle skip som er innan ti timar unna havaristen om bistand.

FSM:

Det er oss, det.

Rinnan: (snakkar i radioen)

MS Tampa har mottatt nødmeldinga. Vi endrar kurs med det samme, og vil vera framme ved havaristen om ca 4 timar og eit kvarter.

(Til FSM):

Ja, då legg vi om kursen litt. Du får gje mannskapet beskjed om at det kjem gjester. Var det åtti menneske dei sa?

Førstestyrmann:

Åtti, ja. Hjelp meg, det er mange. Vi kan kanskje ta imot dei på værdekket.

Rinnan:

Vi må berre rydde plass. Purr ut frivaktene også. Alle må hjelpe til!

Førstestyrmann (FSM):

Ja, klart. Eg gjev beskjed. (i walkietalkie e.l.) Alle mann på dekk!

(statistar/dansarar kjem på scenen. Dei neste replikkane kan ev. kuttast, eller bytast ut med ein fysisk sekvens)

FSM:

Vi har mottatt ei nødmelding frå ein mindre båt. Dei seier det er rundt åtti menneske ombord, og dei skal vi hjelpe. Alle må ta i eit tak her no. Vi må rydde plass på værdekket. Lat det berre vera små passasjar frå dekket ut til resten av skipet – vi prøver å halde dei skipbrudne samla. Kristian?

Kristian:

Ja?

FSM:

Du blir med meg og sjekker gangbruene på begge sider av skipet, dei vil vi få bruk for i redningsarbeidet. Vi må arbeide raskt, alle saman. Spørsmål? Sett igang!

(Her kan ein ev. ha ein fysisk sekvens som viser at mannskapet jobbar)

Scene 4

Vi er på båten «Palapa». Det er overfylt. Folk er utmatta, sjøsjuke, fortvila.

Rasul:

Har snakka med ein av dei indonesiarane. Dei seier dei har slått nødsalarm. At vi skal bli funne. Eg stolar ikkje på dei! Ikkje ett sekund! Det einaste dei har gjort er å skrive S.O.S. på nokre laken på det øvste dekket.

Zahra:

Mamma blir berre dårlegare...

Rasul:

Har vi meir vatn igjen?

Zahra:

Ikkje mykje.

Rasul:

Gje resten til mor di.

Fatemeh:

Barnet! Korleis skal barnet klare seg her? Allah, korleis skal vi klare oss?

Ein flyktning (ev. Rasul):

Ja, berre be du. Det hjelper ikkje så lenge vi ikkje har vatn, så lenge vi trakkar i vår egen skit, så lenge folk spyr rundt oss på alle kantar. Be til Allah, men ikkje forvent noko svar!

Zahra:

Hysj! Det hjelper iallfall ikkje å gje opp! Du sprer berre mismot! (prøver å gje Fatemeh vann, men det er vanskeleg for henne å drikke) Fortsett å be, mamma. Snart er vi i Australia! Då får vi vatn og mat, og du får ein lege.

Rasul:

Denne båten... Eg har ikkje greie på båtar, men denne båten kan ikkje ta oss til Australia. Korleis går det med deg, har du framleis vondt i hovudet?

Zahra:

Ikkje tenk på det, det går helt fint. Mamma? Sjå her, du må prøve å drikke litt. Vil du hjelpe meg, Rasul?

(Rasul støtter Fatemeh, mens Zahra gjev henne vatn, no får ho det til.)

Rasul: (let Fatemeh legge seg ned igjen)

Eg lurar på om bestefar ante korleis dette kunne ende då han betalte reisa for meg. Eg lova å sende pengar til han – alt han lånte for at eg skulle komme meg ut. No sit eg her på eit digert hav, dømt til

å drukne.

Zahra:

Vi skal ikkje drukne! Vi er ikkje døde enno!

Rasul:

Om nokon berre kunne finne oss her!

Zahra:

Men lat oss be om det, då!

(Fleire av flyktingane samlar seg i bønn med Zahra og Fatemeh. Rasul blir ikkje med. Her kan det ev. vera ein dans som går over i redningsaksjonen)

Scene 5

REDNINGSAKSJON

(Vi ser mannskapet på TAMPA løfte afghanarane i sikkerheit. Her er forslag til replikkar som kan ropast mellom mannskapet mens dei held på – dersom det er behov for replikkar – eg meiner det fysiske bør vera i fokus her. (Vi hadde musikk istadenfor replikkar i vår versjon) Replikkar kan evt «spreiast» utover den fysiske handlinga som ein sjølv ynskjer.)

Kristian:

Herregud, så mange dei er!

Kaptein Rinnan:

Sjekk om dei har våpen! Hald greie på kor mange som kjem ombord!

FSM:

Pass på så gangbrua ikkje øydelegg skroget på båten deira.

Kristian:

Hello, do you speak English?

FSM:

Har du festa strossene?

Kristian:

Kom her! I carry you up!

Afghansk flykting:

My child! Ta imot barnet mitt!

Førstestyrmann:

HEI! Hald orden på dei!

Kristian:

Back away! Slapp av, alle skal få hjelp!

FSM:
Gangbrua toler ikkje så mange på ein gong!

Kristian:
Det må då vera fleire enn åtti som har kome ombord no?

Førstestyrmann:
150 hittil.

Kristian:
Går det bra med deg? Det er ei gravid dame her!

Kaptein Rinnan:
Sei frå til kokken at vi får gjester til middag...

Førstestyrmann:
270 no, blir det tomt der nede snart?

Kristian:
Nei!

FSM:
Forsiktig! Bølgene!

(Blant flyktningar som kjem ombord, ser vi at dei er letta, nokon takkar mannskapet, tar dei i handa, andre set seg rett ned, utmatta, nokon ber, dei samlar seg i små flokkar og passar på kvarandre)

Scene 6

FSM:
Har alle kome opp, Kristian?

Kristian:
Ja, det ser sånn ut. (Han kikkar inn i «palapa») Herregud, som det ser ut her! Dei må ha blitt pressa saman her inne! Fyttigrisen!

(Kristian gjer seg etterkvart ferdig i den vesle båten, og går opp til dei andre)

Kaptein Rinnan:
Korleis ser det ut? Er alle oppe?

FSM:
Ja, alle er oppe. Elendige tilhøve i den vesle båten. Menneskesmugling, utan tvil.

Kaptein Rinnan:
Kor mange er dei?

FSM:
438.

Kaptein Rinnan:
438?!

FSM:
438. (Liten pause) Fire frå Indonesia, og resten afghanarar. Indonesiarane står nok for smuglinga.

Kaptein Rinnan:
Og dei har frakta 434 menneske i den vesle jolla?

FSM:
Det er heilt forferdeleg. Veit ikkje kor mykje pengar dei har tent på det, eg.

Kaptein Rinnan:
Dei blir vel arresterte når vi kjem i land.

Kristian:
Kva er planen no? Kor reiser vi vidare?

Kaptein Rinnan: Indonesia. Det er det nærmaste.

Rasul: (har overhøyrte dei)
Kva sa du? Du sender oss ikkje tilbake til Indonesia?

FSM:
Ta det roleg.

Rasul:
Vi skal til Australia! Vi har betalt masse pengar for det, vi skal til Australia. Vi treng lege!

(Fleire flyktingar har høyrte, og pressar på for å argumentere for å komme til Australia)

FSM:
Ta det roleg!

Zahra:
Vær så snill og forstå. De må ikkje sende oss til Indonesia. Der har vi vore alt, og det er ingen som kan hjelpe oss der. Vi må til Christmas Island. Vær så snill, vi har reist i tre månader for å komme oss til Australia.

Rasul:
Om du seglar tilbake til Indonesia, hoppar eg over bord! Eg veit at mange andre vil gjere det samme!

(Fleire flyktingar seier seg einig med Rasul)

Kaptein Rinnan:
(til Førstestyrmann og Kristian)
Ingen vits i å provosere dei, vi vil ikkje ha mytteri her. Eg kontaktar Australia med det samme og seier frå kor mange dei er. (Går opp)

Kristian:
Vi tar dykk med til Australia.

Zahra:
Takk!

Rasul:
Vi er slitne, vi heldt på å drukne der ute. Folk er sjuke og vi har fleire gravide kvinner med oss.

FSM:
Eg forstår. De vil få hjelp no.

(på brua)

(Kaptein Rinnan ringer Rescue Control Centre på satelitt-telefon)

RCC:
Rescue Control Centre, Australia.

Rinnan:
Dette er MS TAMPA. Vi melder om ankomst til Christmas Island. Vi har tatt ombord 438 skipbrudne. Eg gjentar; 438 skipbrudne. Ber om medisinsk assistanse og ytterlegare hjelp og mottak ved ankomst.

RCC:
Meldinga er mottatt. Kor langt unna er du?

Rinnan:
Vi vil vera i Australia omtrent ved midnatt.

RCC:
Meldinga vil bli vidareformidla til aktuelle myndigheiter.

(på dekk)

FSM:
OK, alle saman, velkomen ombord! De vil få servert mat snart. Alle har fått vatn? Vi seglar mot Australia. (til Kristian) Kokken har hatt sitt fulle hyre med å ordne mat til alle saman, gå ned og sjekk kor langt han har kome. Hjelp han med serveringa også.

Scene 7
(i Australia)

Rådgjevar (får ein telefon):
Hallo?

RCC:
Dette er Rescue Control Centre Australia. Eg har dårlige nyheiter til deg, er eg redd...

(Musikk, mens vi ser at flyktningane får mat. Vi ser også at rådgjevaren fullfører telefonsamtalen (vi høyrer ikkje mer av den), og informerer statsministeren. Statsministeren reagerer, dei diskuterer, og rådgjevar ringer nokon. Flyktningane får vatn, mannskapet (FSM og Kristian) går blant dei og snakkar med dei – ser at nokon er sjuke. Alt dette er reint fysisk, heile tida mens musikken speler.)

(på brua, satelitt-telefonen ringer)

Rinnan:
MS TAMPA.

RCC:
Dette er Rescue Control Centre. Vi ber deg om å segle mot Merak i Indonesia. Det er nærmare din posisjon.

Rinnan:
Vi er nærmare Christmas Island, Australia no.

RCC:
(stille ei lita stund) Australia kan ikkje ta imot deg. Dra til Indonesia.

Rinnan:
Eg har fått klarsignal frå Australia.

RCC:
Ny melding frå Australia. Vi kan ikkje ta imot flyktningane.

Rinnan:
Eg er redd det er fare for mytteri og sikkerheita ombord om vi snur mot Indonesia. Vi vil inn i australsk farvatn så fort som muleg. Det vil ikkje vera trygt for oss å opphalde oss i internasjonalt farvatn.

RCC:
(stille ei stund) Du har ikkje lov til å gå inn i vårt farvatn. Vi kan ikkje garantere for sikkerheita til skipet ditt om du kjem hit utan løyve.

Rinnan:
Utruleg! (i walkietalkie) Anne! Kom opp her litt.

FSM:
Ja?

Rinnan:
Australia vil ikkje ta imot oss.

FSM:
Kva? Men... vi har skipbrudne ombord!

Rinnan:
Eg veit det, eg forstår det ikkje. Det må vera ei misforståing. Eg ringer dei opp igjen.

RCC:
RCC.

Rinnan:

Ja, det er kaptein Arne Rinnan på TAMPA igjen. Eg er redd det har skjedd ei misforståing. Eg har over 400 skipbrudne ombord og treng hjelp. Ber om løyve til å entre australsk farvatn.

RCC:

(stille litt) Vi gjentar: Du har ikkje løyve til å gå inn i australsk farvatn. Dersom du kjem til Christmas Island, bryt du australsk lov. Du kan få fengselsstraff og bøter på opp til 100 000 dollar.

FSM:

Jøss... Kvifor? Fordi Indonesia ligg nærmare, eller?

Rinnan:

No har vi jo kome nærmare Australia allereie. Og Australia er langt betre rusta til å ta imot oss, slik eg ser det.

FSM:

Men herregud, vi er i ein nødssituasjon her.

Rinnan:

Ja. Men når gjestene våre kjem inn på australsk område, kan ingen hindre dei i å søke asyl.

FSM:

Så om vi sat her med eit havarert cruiseskip frå Europa...

Rinnan:

Nettopp!

FSM:

Kva gjer vi no?

Rinnan:

Vi kontaktar rederiet heime og ventar. Australia har ikkje lov til å nekte oss nødhjelp, dei må gje seg snart. Vi seglar til vi når australsk farvatn, så set vi oss der ved grensa og ventar til dei tar imot oss.

Scene 8

Spelleiar tar på seg journalistklede (vest m/ lommer, kamerabag, pressekort i band rundt halsen) og får telefon.

Journalist:

(i tlf)

Hallo, journalist Anine Klippe her. Ja? Nei, det har eg ikkje hørt. TAMPA, kva er det for noko? OK. Skipbrudne?! Er dei australske eller norske? *Afghanske?* (litt skuffa) Åkei. Oj. Jøss! Nei, eg har ikkje høyrte om det, men eg skal ringe rundt og finne ut. OK!

(legg på, gjer seg klar til å gå ut «i felten» (kamera, mikrofon etc))

Åkkeeei! Here we gooo! Journalist Anine Klippe til tjeneste! Reporting to duty! Hohohoo, for eit scoop! (øver seg i spegelen (fiktivt) med mikrofon) «Vi ser her nokon av dei havarerte. Her er eit lite barn som manglar ein arm og ein fot, etter å ha trakka på ei landmine i det krigsherja Afghanistan! (med amerikansk aksent) How are you, little boy? Don't worry, I will help you! Everything will be just fine, you're with me now!» (ordnar på håret e.l.) Ok, til arbeid, Anine! Til arbeid!

(Her kan ein evt ha ein fysisk sekvens med flere journalistar)

Scene 9

(I Australia)

Rådgevar:

John? Det kjem inn ein del telefonar ang det der skipet. TAMPA. Journalistar har begynt å fatte interesse.

Statsminister:

Men kapteinen har då fått beskjed om å segle til Indonesia, har han ikkje?

Rådgevar:

Han har visst bestemt seg for å vera vanskelig. No ligg han rett utanfor australsk farvatn, Christmas Island er den nærmaste havna, og han krev å få komme i land.

Statsminister:

Kva pokker gjer vi no? Dette kjem ikkje til å sjå bra ut i avisene!

Rådgevar:

Eg trur... Eg trur ikkje det er så dumt, eg. I forhold til valgkampen, altså.

Statsminister:

Tullar du? Endå ei ny ladning med illegale flyktningar er det vi treng?

Rådgevar:

Høyr her! No får du sjansen til å vise at du ikkje bøyer unna. Vi må berre ikkje sleppe Tampa inn i vårt farvatn.

Assistent:

Har vi lov til det, då?

Rådgevar:

Juridisk sett er det ganske uklart kva som eigentleg gjeld av lover og reglar her. Kan du ta det vidare til advokatane våre, Betty? Ring Philips, ikkje Cartwright!

Assistent:

OK!

Rådgevar:

Du må utnytte denne situasjonen, John. Gjer det heilt klart: Vi har ikkje ansvar for desse

afghanarane! Vi kan ikkje ta imot dei!

Assistent:
Og journalistane?

Rådgjevar:
Ja, dei er sjølvsagt kritiske. Men folk flest vil setje pris på ei fast røyst i denne konflikten. Hardt mot hardt!

Statsminister:
Men kva skal eg sei til pressa, då?

Rådgjevar:
Fokuser på den straumen av flyktningar vi har hatt i det siste. Vi tar imot og hjelper mange allereie, vi må setje ei grense. Vi vil ikkje vera marionettedokker for kyniske menneskesmuglarar.

Statsminister:
(gjentar, som for å øve seg) «Marionettedokker for kyniske menneskesmuglarar...» OK, sett i stand ein pressekonferanse i dag. Kl fire.

Rådgjevar:
Og du! Ein ting til. Vi må sørge for at ingen journalistar kjem nær nok skipet til å kunne ta nærbylde av flyktningane. Ingen tårevåte ansikt og portrettintervju!

Scene 10

(tilbake til journalisten)

Journalist:
(med «nyhetsoppleser-stemme»)
Det norske skipet TAMPA får ikkje komme i land i Australia etter at mannskapet redda opp havarerte afghanske flyktningar i går. Australia har i det siste hatt problem med ein straum av illegale flyktningar frå Asia. Statsminister John Howard hevdar han ikkje pliktar å ta imot skipet, og at han vil stå fast på dette. Ifølge våre kjelder skal det vera ca 400 flyktningar ombord i skipet, nokon av dei er tydeleg medtatte etter havariet. Her *osar* det av fortvileling og dramatik. Dette er Anine Klippe i Australia, tilbake til studio.

Scene 11

(Kristian kjem med vatn til Fatemeh. Set seg ned med dei (Zahra, Rasul, Fatemeh).)

Kristian:
Går det bra med dykk? Har de det de treng?

Zahra:
Takk. De har vore veldig snille med oss.

Spelleiar:
Du, Kristian!

Kristian:
Ja?

Spelleiar:
Fortel publikum litt om denne jenta. Dei veit jo ingenting her.

Kristian:
(til publikum) Jo... dette er Zahra. Ho er 16 år, og ei smart jente, men ho saknar dei to eldre søstre som har blitt igjen i Afghanistan. Akkurat no er ho opptatt av at mannskapet på TAMPA skal forstå situasjonen hennar. Situasjonen til alle flyktingane ombord.

Zahra:
Eg veit at nokon av oss kan vera litt utolmodige, men du må forstå at vi er slitne etter ei lang reise. Kor lenge må vi stå i ro her?

Kristian:
Eg veit ikkje. Men det kan ikkje ta så lang tid før vi får segle mot Australia.

Rasul:
Pøh, det skulle ikkje forundre meg om vi ikkje kjem oss vidare med det første!

Zahra:
Nokon av oss har mista litt trua... Rasul er naboen min heime i Kabul. Vi har reist saman, han har passa på meg og mor mi.

Kristian:
Korleis kom de dykk ut av Afghanistan?

(Det vil vera fint om nokon i bakgrunnen kan ha ein roleg dans eller vise korte tablå under den følgande dialogen. Musikk bør vera enkel, så den ikkje forstyrrer fokuset på det som blir sagt. Det fysiske kan visualisere tema som: *reise, bestikke, vente, frykt, halde seg skjult, ein organisator, mellommenn, pengar, tronge rom*. Eit alternativ er å ha ein bildeserie prosjektert på ein skjerm/bakvegg, med bilde over dei samme tema. Eller sjølv sagt berre late dialogen stå for seg sjølv)

Rasul:
Agentar. Dei tar pengar for å frakte oss.

Kristian:
Var det dyrt?

Rasul:
Ja. Bestefaren min selde lastebilen sin for at eg skulle få reise. Det ville vore dyrare å reise til Europa eller Amerika, derfor valde vi Australia.

Kristian:
Kor lang tid har reisa tatt?

Zahra:

Hugsar ikkje. Eit par månader.

Rasul:

Vi reiste 2. juni. Nesten tre månader.

Zahra:

Det verste er ventinga.

Rasul:

Ja. Det å aldri vite når ein skal reise vidare.

Kristian:

Var det mange stopp undervegs?

Rasul:

Ikkje så mange som andre reiseruter eg har høyrte om. Men det var slitsamt nok.

Zahra:

Først fekk vi beskjed om å reise til eit hotell i Kandahar. Ante ikkje kven vi skulle snakke med der, måtte berre stole på å finne dei rette folka. Der var vi i over ei veke. I eit skite hotellrom.

Rasul:

Så betalte vi – heile formua vår... Og blei frakta med buss til Karachi.

Zahra:

Ti dagar i Karachi. Vi visste ikkje når vi skulle reise vidare, eller korleis. Vi fekk ikkje vite nokon ting, før vi til slutt blei tatt med til ein flyplass midt på natta. Dei flaug oss til Indonesia. Bestakk passkontrollen i Indonesia så vi kom oss inn i landet.

Rasul:

Ventetida i Jakarta var verst. Vi kunne ikkje språket i Indonesia, måtte heile tida halde oss skjult..

Zahra:

Var livredde for å bli funne av politiet...

Rasul:

Og vi venta og venta, blei flytta frå hus til hus, jaga rundt som om vi var kyr!

Zahra:

Det gjekk over to månader før vi fekk beskjed om å komme oss til havna. Til den forferdelege båten.

Kristian:

Kvifor gjekk de med på å gå ombord i ein så dårleg båt?

Rasul:

(ler litt) Vi afghanarar er fjellfolk, vi har ikkje peiling på båt. Men vi skjønnte jo i løpet av den første natta at det ikkje kom til å gå bra.

Zahra:

Vi er så glade for at de fann oss.

Rasul:

Ja. Men hvis vi ikkje kjem til Australia... Alt slitet, alle pengane vil vera forgjeves. Kva skal eg sei til bestefaren min? Korleis skal eg kunne betale han tilbake?

Kristian:

Eg veit ikkje kva som skjer. Men eg kan ikkje forstå anna enn at vi får segle inn i Australia snart. Vi har jo sjuke folk ombord.

Scene 12

Australsk innbyggjar 2: (til Spelleiar)

OK, OK, OK! Eg forstår kva de vil få fram i dette teaterstykket – australske folk er onde og fæle som ikkje tar imot flyktingane. Nydeleg fortalt, med dans og musikk og fortvila afghanarar med vakre brune auge... Men skal ikkje vi vanlege folk i Australia få fortelje det frå vårt synspunkt her?

Spelleiar/journalist:

(som har site på sidelinja og sett på forrige scene)

Eeh, ja, jøss. Fortel kva du vil, du.

AI 2:

Eg vil berre ha det heilt klart. Eg er ikkje rasist! Vi er ikkje rasistar! Vi er jo ein nasjon bygd opp av innvandrarar. Engelskmenn, irar, kinesarar, skandinavar, europearar, indarar, øst-asiatar. Og vi tar imot mange flyktingar her. Altfor mange!

Rådgevar:

Nesten alle desse har blitt smugla inn i landet. Menneskesmugling har blitt ein vanvittig industri. Skal vi berre bøye oss for dette? Bli med på det?

AI 2:

Om vi held fram med å ta imot folk, då fortset jo smuglarane å frakte folk hit. Vi opprettheld verksemda deira! Støttar opp om organisert kriminalitet!

Rådgevar:

Så mykje merksemd som denne saka med TAMPA har fått no, så er det umuleg for oss å ta imot flyktingane. Det vil vera eit signal til andre flyktingar om at Australia nærmast har opne grenser og uendeleg med rikdom å ta av. Det er ikkje tilfelle.

Assistent:

Eg og mannen min, f.eks. Vi har berre éi inntekt, og vi venter ein liten. Og med disse bustadprisane som er no... Bør ikkje Australia ta hand om sine egne før vi hjelper andre?

AI 2:

Kva forventar dei å få når dei kjem hit? Kva slags liv får dei egentlig her? Eg er ikkje rasist, men vi har berre ikkje plass til alle som kjem! Dei får ikkje arbeid, dei har problem med å tilpasse seg samfunnet vårt. Det vil faktisk vera betre *for dei* å reise til eit anna land.

Statsminister: (journalister kan evt komme inn her og filme/fotografere statsministeren, australske

og norske innbyggjarar ser dette på TV)

Vi har pliktar overfor vår befolkning. Vi kan ikkje ta imot desse flyktningane som hoppar over den vanlege prosessen med å søke visum før dei kjem. Dei snik i køen. Det vil vera urettferdig overfor dei lovlydige innvandrarene.

AI 2: (til AI 1, mens dei ser på TV)

Åh, eg er så lei av denne saka – sett på Home&Away istadenfor!

Journalist:

Spent stemning i Australia, alt-så, tilbake til studio.

Scene 13

NM 1:

Herregud, kvifor får dei ikkje gå i land? Så typisk, altså! Alltid er det nordmenn som ordnar opp!

NM 2:

Kva sa du?

NM 1:

Ja... Oslo-avtalen, Gro Harlem Brundtland i WHO... (vil ramse opp meir, men kjem ikkje på meir)
Mange sånne situasjonar, der nordmenn ordnar opp. Thor Heyerdahl.

NM2:

Thor Heyerdahl??

NM 1:

Nei, men, altså... Han der norske kapteinen, sant? Han er jo skikkeleg kul som tar og reddar dei der flyktningane som ligg og duppar i vatnet. Men får han hjelp frå andre land? Å, neida! Så typisk Australia, altså. Eg har høyrte at dei er skikkeleg rasistiske der nede.

NM 2:

Er du ikkje litt fordomsfull no?

NM 1:

Jo, sikkert. Men det er jo heilt utruleg at dei ikkje tar i land nokre stakkars skipbrudne berre fordi dei er frå Afghanistan.

NM 2:

Jo, jo.

NM 1:

I Australia er dei skikkeleg rasistiske, altså. Berre tenk på korleis dei har behandla dei der innfødte, dei der... auberginane...

NM 2:

Aborginarane?

NM 1:

Nettopp! Dei har jo tatt frå dei land, og tvunge dei til å lære kristendom og alt muleg.

NM 2:

Det er ganske lenge sidan no, det då.

NM 1:

Ja, men det seier berre litt om kor typisk det er for dei der nede. Tenk om det hadde skjedd i Noreg, då! Tenk om vi hadde hatt ei sånn etnisk folkegruppe som hadde sin eigen kultur, sin eigen musikk, og drakter og alt sånt, men som blei undertrykt berre fordi dei var liksom... annleis!

NM 2:

(ser ei stund på NM 1, litt beklemt.) Du, no.. No trur eg vi har sagt nok her, eigentleg... (ropar til Spelleiar) Køyr neste scene, vær så snill!

Spelleiar:

Rasul, vær så god!

Scene 14

Rasul:

Kor lenge skal vi vera her?? Hæ? Kor lenge skal vi berre stå her og vente?

FSM:

Eg er lei for det, men eg kan ikkje svare på det. Det er opp til myndigheitene i Australia og Noreg å finne ut av dette no.

Ein flyktning:

Kvifor skal desse utanlandske myndigheitene bestemme over oss? Vi vil berre i land! Vi ser jo land der borte!

Rasul:

Folk er sjuke. Hadi der borte i kroken er nærmast bevisstlaus! Fleire av ungane har skabb! Skal vi ikkje få hjelp?

FSM:

Eg veit det, vi har ringt til Australia og bedt om medisinsk assistanse. Dei har sagt dei skal komme.

(Fatemeh ynkar seg med eitt, Zahra skundar seg og ser til henne)

Rasul:

Dette går ikkje lenger! Vi må vidare! Med ein gong, vi kan ikkje berre sitje og vente på at politikarar skal bestemme seg. Dette handlar om liv og død!

FSM:

Det skal komme legehjelp frå Australia. Vi må vente!

Rasul: (fysisk truande mot FSM)

VENTE?! Vi har ikkje gjort anna enn å vente på heile denne reisa! Er du klar over kor sliten ein blir av å vente??

Kristian (går imellom):
Ta det rolig! Ro deg ned.

FSM:
Eg er lei for det. Det er dessverre det einaste svaret eg kan gje.

Scene 15

Spelleiar:
Litt sinna, disse flyktingane, Kristian?

Kristian:
Eg forstår dei godt, eg. Trur eg også hadde blitt frustrert. For å vera heilt ærlig, så *er* eg ganske frustrert.

Spelleiar:
Dette er Kristian. Han er nitten år, og kjem frå Drammen i Noreg. (*stadnavn kan endrast til å passe med dialekta til han som spelar Kristian*) Dette er hans første tur med Wilhelmsen-rederiet. Han trudde han berre skulle reise til Singapore for å frakte varer. Gummi, hermetikk, akevitt... Rasul og Zahra? Vil de fortelje vidare?

Rasul:
Då dei først fekk mayday-signalet, syns Kristian det var ganske spennande. Noko utenom den vanlege rutinen.

Zahra:
Og redningsaksjonen gjekk jo bra, sjølv om det var slitsamt. Han fekk redde livet til folk, og det er flott å kunne vera med på.

Rasul:
No tek han til å bli rastlaus.

Kristian:
Vi skal jo egentleg til Singapore, vi har ein jobb å gjera. Og så sit vi fast her. Båten her har vanlegvis berre 30 menneske ombord, no er vi 470. Det er litt tett, kan du sei...

Rasul: (setter seg med Kristian)
Likar du å jobbe på båt?

Kristian:
Ja, det er supert! Bra arbeidsmiljø her. Og så får eg reise.

Rasul:
Lengtar du ikkje heim?

Kristian:
Neeee.. Litt, kanskje. Av og til.

(pause)

Kristian:

Du, då? Lengtar du heim?

Rasul:

(stille litt) Ja.

Scene 16

(på brua – telefonar til Rinnan og Førstestyrmann)

Tlf:

Hello, this is New York Times calling. It's been four days since you rescued 438 refugees from drowning, and the Australian government still won't let you land. Could I ask you; How do you think the current situation will affect the diplomatic relationship between Australia and your own country Norway?

Tlf:

(Ein tilsvarande replikk på tysk eller spansk e.l., om ein har skodespelarar/statistar som kan eit anna språk)

Tlf:

Halla, det er fra VG, du! Åssen går det, er de veldig sjuke de der afghanerne, eller? Noen som kommer til å krepere, trur du?

Tlf:

Hello, is this the captain? Listen, have you sold the rights to this story yet? You see, I'm thinking of writing a musical based on what's happening on your ship right now. Picture this – a young, beautiful Afghan girl meets a handsome, good natured Norwegian...

Tlf:

God dag, eg ringjer frå NRK Hordaland. Er det mogeleg å få snakke med ein av kadettane dykkar for å få eit bilete av korleis han opplever ståa ombord? Er det nokon frå Vestlandet der? Lengtar dei heim?

Tlf:

...and they need to fight the Australian government to be able to fulfill their love. It could be the next «Titanic», you know! We could have, like, pan pipes, and maybe Keira Knightley in...

Rinnan (legg på telefonen):

Heretter tar alle journalistar kontakt med rederiet! Eg må ha arbeidsro her!

Scene 17

(På brua. Rinnan ringer RCC)

RCC:
Rescue Control Center.

Rinnan:
Kaptein Rinnan på TAMPA igjen. Eg viser til tidlegere samtalar om medisinsk assistanse. Vi har alvorleg sjuke skipbrudne ombord. Situasjonen er fortvilande for oss.

RCC:
(stille litt) Eg har ordre om å gje deg beskjed om at du ikkje får medisinsk assistanse.

Rinnan:
Kva? Men eg har bedt om det fleire gonger no, og fått til svar at det skal komme.

RCC:
Vi ber deg om å segle til ei anna havn. Indonesia, f.eks. eller New Zealand. Du vil ikkje få hjelp her.

Rinnan:
Dersom eg tar skipet ut i ope farvatn, bryt eg alle reglar på sikkerheit. Mitt skip er meint for eit mannskap på 30, no er vi nærmare 470 ombord. Vi er sjømenn her, vi veit kva vi gjer. Og akkurat no treng vi medisinsk assistanse – folk er bevisstlause ombord.

RCC:
(stille litt) Eg... Vi har ordrar om dette. Eg er lei for det, det er verkeleg ingenting eg kan gjera no. Eg skal prøve å snakke fornuft med mine overordna, men dei får ordrar frå anna hald, det går høgt opp i systemet. Statsministeren står hardt på dette.

Rinnan:
Eg gjev blaffen i statsministeren, eg vil ikkje at folk skal døy på skipet mitt. Dersom eg ikkje får ein lege ombord, har eg ikkje noko anna val enn å sende ut Mayday. Sei det til sjefane dine. (Legg på)

Scene 18, ein parallellhistorie

Spelleiar:

Vi skal ta ein liten pause frå Tampa, og fokusere meir på nordmennene borte i sofaen her. Hallo!
Korleis står det til med dykk?

(denne innleiande samtalen kan godt ha eit improvisatorisk preg, berre den ikkje varer for lenge før dei kjem til poenget)

NM1:

Strålande!

Spelleiar:

Nøgde med rollane dykkar?

NM2:

Ja, veldig bra! Avslappande!

Spelleiar:

Og de der borte i Australia?

AI1:
Heilt fint!

AI2:
Ja! Vi ser jo så godt herfrå.

AI1:
Ja, det er så gode plasser, at.

Spelleiar:
Men de har førebudd noko for publikum i kveld, har de ikkje? For du, Nordmann 1, du vil fortelje oss om oldefaren din, ikkje sant? (tar fram AI1, set ein sixpence på han)

NM1:
Broren hans. (viser til AI2) Bror til oldefaren min.

Spelleiar:
Ok, fortel oss om han! (set hatt på AI2 også)

NM1:
Broren til oldefaren min var flyktning.

NM2:
Kva? Du ser jo norsk ut, du.

NM1:
Hehe, han reiste ikkje til Noreg, han reiste frå Noreg. Til Amerika. Han var liten gut, og fekk vera med familien på nabogarden. De reiste til Michigan rundt 1910.

NM2: (Ler)
Men alle reiste jo til Amerika på den tida. Dei var jo ikkje flyktningar dei, dei var berre emmigrantar.

NM1:
Men kva er eigentleg skilnaden? Dei *måtte* reise, fordi det ikkje var nok mat. I Amerika var det mykje plass der tilflyttarar kunne dyrke jorda. Her heime var det rett og slett for vanskeleg for foreldra å ha mat på bordet til seks ungar. Dei sendte avgarde tre av dei. Oldefaren min syntest det var verst å ta farvel med Magnus, den yngste broren.

(Australiske innbyggjarar i rolle som brør som tar farvel. Gjev kvarandre ei lita gåve, tar kvarandre i hendene. Den yngste tek til å gråte. Storebror held han, men han må dra, spelleiar drar dei frå kvarandre. Lillebror går.)

NM2:
Herregud.

NM1:
Ja. Det kan ikkje ha vore lett.

NM2:

Korleis vel ein ut kven av ungane ein skal sende frå seg? Kven som skal måtte reise frå foreldra sine, og kven som får lov til å bli? (viser at han/ho syns storebror er den heldigaste)

NM1:

Korleis vel ein ut kven av ungane ein skal la reise til eit land der dei får ete seg mette, der dei veit at framtida er sikra? Korleis vel ein ut kven som skal fortsetje å slite i heimlandet? (viser at han syns lillebror var den heldigaste)

NM2:

Kvifor reiste ikkje heile familien, da?

Storebror/AI 1:

Vi hadde jo ikkje råd til det! Forstår du ikkje? Vi sleit med å få mat på bordet, det var såvidt vi fekk spart opp pengar så dei tre brørne mine kunne reise.

NM2: (til NM1)

Fekk han aldri sjå dei igjen?

NM1:

Ikkje alle. Ein av dei døydde visst på skipet på veg bort. Og ein annan kom aldri tilbake til Noreg. Men den yngste, Magnus, han kom tilbake på besøk ein gong, mens oldefar framleis levde. Eg var berre fire år eller noko. Hugsar det såvidt. (AI1 & AI 2 tar av seg hatten og blir australiarar igjen)

AI1:

Oldemora mi kom eigentleg frå Skandinavia ein stad, faktisk.

NM2:

Javel?

AI1:

Ja. Kom til Australia for hundre år sidan.

AI2:

Halve slekta mi er eigentleg frå India.

AI1:

India?

AI2:

Ja, bestemor og bestefar kom hit på 60-tallet. Bestefar fekk jobb som ingeniør.

(Stille. De ser litt på hverandre.)

Spelleiar ser på dei, usikker på om dei er ferdige, begynner prøvande å klappe, ser spørjande på dei, og dei nikkar bekreftende at dei er ferdige, letta, glade for at skuespillet deira gjekk bra. Bukkar og klappar kvarandre på ryggen.

Spelleiar:

Strålande. Takk for den vesle... eh, ja. No må vi vidare i forestillinga, for det er ein

pressekonferanse på gang her.

Scene 19

Journalist:

Vi er direkte inne frå pressekonferansen til australsk statsminister John Howard. Pressekorps frå heile verda har møtt opp for å høyre kva han har å sei om situasjonen på TAMPA.

Statsminister:

Vi er opprørte over at den norske kapteinen ikkje har gehør for våre ordrar. Han har arrogant ignorert alle våre anmodingar om å få skipet trygt i havn i eit anna land. Vi har vist tolmod som har lete han ligge så lenge ved grensa vår.

Journalist:

Vi ser helikopterbilde av fleire sjuke ombord på TAMPA?

Statsminister:

I fleire dagar har TAMPA stått på grensa vår, og utsett sitt mannskap og dei skipbrudne for mykje unødvendig venting. Kapteinen ombord må ta ansvaret for at han ikkje fraktar dei sjuke til ei trygg havn, som vi har foreslått heile tida.

Journalist:

Viss ein fylgjer med i internasjonal presse, vil ein sjå at du får massiv kritikk frå store delar av verda i denne saka. Kvifor vil du ikkje ta imot flyktningane, statsminister Howard?

Statsminister:

Det har kome ein straum av flyktningar til Australia dei siste åra, og vi har tatt imot mange fleire enn det andre land gjer. Eg vil foreslå at andre ser på sin eigen asylpolitikk før dei kritiserer kva vi gjer her. Kaptein Rinnan er til stor hjelp for menneskesmuglarar ved å nærmast låne ut TAMPA til slik kriminell verksemd. Eg for min del vil ikkje framstå som nokon marionettedokke for kyniske menneskesmuglarar.

Scene 20

(på TAMPA)

FSM: (i walkietalkie)

Arne? Har du tid til å komme ned på dekket ein tur?

Rinnan:

Ja, er det noko spesielt?

FSM:

Eit par av gjestane har skrive eit brev, og vil gjerne gje det til deg personleg.

Rinnan:

Ja, eg kjem.

(Mens brevet blir lese, kan flyktningane på dekk setje seg i bønneposisjon. Kan evt ha ein

dans/tablå/biletserie over temaet *bønn*.)

Rasul:

Vi har skrive dette brevet saman, og eg snakkar for alle når eg les dette for deg.

«Til den gode kapteinen frå Wilhelmsen Line.

Vi er svært takksame for din gode og humanistiske gjerning da du redda liva til 438 menn, kvinner og born som var på veg i døden. Vi vil inderleg takke deg, ditt mannskap og dei venlege menneska på Tampa. Vi vil alltid be for din suksess og framgang.

Vi håpar at du, som redda liva våre, vil fortsetje å hjelpe oss. Vi har gamle menn, kvinner og born med oss, fleire sjuke og gravide. Vi flyktar frå heimlandet vårt, fordi det er ein reell fare for liva våre der. Australske myndigheiter har tidlegare vore svært hjelpsame og sympatiske overfor vårt folk, difor ville vi reise hit. Vi er imidlertid skuffa og bekymra over australske myndigheites nølande haldning no. Vi håpar at du fortsatt vil hjelpe oss, så du, ditt skip og ditt mannskap kan lykkast i denne humanistiske gjerninga.

Helsing

Afghanske flyktningar»

(gjev brevet til kapteinen)

Rinnan:

Tusen takk! Hels vennene dine og sei at vi på TAMPA vil absolutt fortsetje arbeidet. De har rett til å få hjelp, og vi skal prøve å få det til.

(Dei tar kvarandre i hendene)

Rasul:

Takk!

(Rasul går, kaptein Rinnan ringer RCC Australia)

Rinnan:

Eg har ikkje mottatt den medisinske hjelpa eg har bedt om.

RCC:

Vi har dessverre ingen helikopter tilgjengeleg til deg.

Rinnan:

Eg ser ingen annan utveg enn å sende ut Mayday.

RCC:

Vi ser ikkje nokon grunn til det.

Rinnan:

Situasjonen er, som sagt, alvorlig. Eg er kaptein på dette skipet og har ansvaret her.

(Her kan det evt komme inn musikk som underbygger spenningsnivået)

Rinnan (over radioen):

Mayday! Mayday! Dette er Tampa. Situasjonen ombord forverrar seg stadig, og er ute av kontroll.

På bakgrunn av dette har eg ikkje noko anna val enn å erklære ein nødssituasjon som berre kan løysast ved å gå i land ved nærmaste kyst for å finne ly, og få medisinsk assistanse.

(pause)

FSM:
Svarar dei ikkje?

Rinnan:
Eg gjentar: Mayday! Mayday! På grunn av nødssituasjon ombord på Tampa, er eg nøydd til å gå i land ved nærmaste havn, dvs Christmas Island, Australia.

(pause)

FSM:
Men i helvete, kvifor svarar dei ikkje?!

Rinnan:
Dei må vel ringe sjefane sine.

Scene 21

Assistent: (stormar inn til statsministeren med telefon i handa)
Howard! Tampa har gått inn i vårt farvatn! Kapteinen har sendt ut Mayday.

Statsminister:
Få snakke med havnemyndigheitene! (får telefonen)

(På brua)

RCC (i radioen):
Vi kan ikkje sjå at du har noko grunnlag for å sende ut Mayday. Vi ber deg dokumentere at det er ein reell og akutt fare for båt eller personar ombord.

FSM:
Kva pokker meiner dei med det? Det er du som er kapteinen her, det er ikkje opp til dei å vurdere nødssituasjonen!

Rinnan:
Eg har aldri opplevd noko sånt!
(i radioen):
Det er mitt eige ansvar og mine vurderingar som ligg til grunn for å erklære nødssituasjon. Eg står ved mi Mayday-melding!

(I Australia)

Rådgjever: (kjem også inn med ein telefon)
Stoltenberg.

Statsminister:

Den norske statsministeren? (tar telefonen)

Hr Stoltenberg. Ja, god dag. Ja, sjølvsagt er eg oppdatert! Nei! Absolutt ikkje! Nei, vi er førebudde på å bruke militære styrkar for å hindre TAMPA i å gå inn i vårt territorialfarvatn. Utan tvil! Høyr her, Stoltenberg, vårt land vil bli overfylt av flyktingar dersom vi... Nei, men ærleg talt; det fins ikkje grunnlag for å sende ut eit Mayday! Nei! Eg står på mitt, statsminister! God dag!

(han legg på, og vender seg til rådgjevar og assistent)

Vi må sende ombord kommandosoldatane frå Special Air Service! Ring og stopp skipet med ein gong – sei at legehjelp er på veg! Vi bordar skipet!

(legg hovudet i hendene – det har vore ein slitsam dag på jobb)

Australske soldatar spring ombord på Tampa. Vi ser mannskap og flyktingar bli skremte.

Journalist: (ekstrasending. Både nordmenn og australiarar ser dette på TV. Reagerer...)

Hallo? Er eg på? Siste nytt i Tampa-saka. Australske myndigheiter har no beordra soldatar frå det topptrente regimentet Special Air Service til å borde Tampa, etter at skipet sendte ut nødsignal i ettermiddag. Situasjonen er svært spent no, og diplomatien mellom Noreg og Australia tek til å vike plassen for tøffe ordvekslingar. Utenriksminister Torbjørn Jagland reagerer sterkt.

Torbjørn Jagland (på tlf e.l.)

Dette er historisk – at et skip som ber om nødhjelp blir svart med en så truende handling som militær bording.

(på brua)

Major Khan:

Kaptein, vi har borda skipet ditt for å beskytte helsepersonell som er undervegs. Hittil er vi seksten mann. Vi vil ikkje ta over kommandoen over skipet.

Rinnan:

Eg protesterer mot at væpna australske soldatar bordar skipet mitt. Eg har bedt om medisinsk assistanse, ikkje noko anna.

Major Khan:

Medisinsk assistanse vil ikkje bli gitt før du fører skipet ut av australsk farvatn.

Rinnan:

Dette skipet er ikkje sjødyktig med så mange ombord. Eg blir verande.

Major Khan:

(smiler) Eg hadde rekna med det svaret frå deg.

Journalisten:

Australske soldatar har no tatt over kontrollen over værdekket på Tampa, der dei afghanske flyktingane oppheld seg. Vi har fått meldingar om at stemninga har roa seg litt sidan dei først kom ombord, men dette er ein svært uvanleg situasjon. Dersom...

Scene 22

AI 2:

Unnskyld, kan eg få skyte inn noko her?

Journalisten:

Eeh, ja, eg var egentleg midt i eit viktig direkteinnslag her.... men, neida, berre snakk du.

AI 1:

Eg vil berre gjere publikum merksame på at det er slett ikkje einigheit i Australia om denne handsaminga av situasjonen! Eg kjem frå Christmas Island, og er skamfull over måten myndigheitene har oppført seg på overfor disse sjømennene. Vi på Christmas Island kjenner havet og veit kor viktig det er med gode sjømenn som kaptein Rinnan og hans mannskap. Vi veit kva for ein heltedåd dei har gjennomført ved å redde dei skipbrudne. Det er skammeleg at vi i Australia ikkje viser like stor vilje til å hjelpe. Dei aller fleste på Christmas Island vil at flyktningane skal få komme i land her! (stille litt... alle ser på han/henne) Ja.. Det var... Det var berre det eg skulle sei.

Scene 23

(Denne scena skal etterkvart få høgt tempo. Folk snakkar/ropar til kvarandre frå kvar sin «leir» på scena. Dei fiktive grensene mellom dei er borte. Ein kan gjerne kutte i replikkane, skyte inn utbrudd innimellom eller gjere dei kortare, for å få tempoet til å flyte. Temperaturen kan godt stige gjennom hele dialogen, og det er fint om dei som kranglar kan peke mot flyktningane med jevne mellomrom, for å forsterke inntrykket av at flyktningane berre er ei brikke i eit spel)

AI 2:

(til AI 1)

kjempeflott! No fekk du heile verda mot oss. Trur du ikkje det er betre at vi står samla her?

AI 1:

Samla? Vi er jo mange i Australia som vil at flyktningane skal få komme i land! Er du ikkje flau over bildet den internasjonale pressen har av landet vårt?

Statsminister:

Internasjonal presse går i flokk. Det er vi som veit kva som er best for landet vårt! Dette hadde ikkje vore noko problem om ikkje den norske kapteinen motsa seg våre ordrar.

Rinnan (frå brua):

Eg vil minne om at det er eg som er kaptein på Tampa, og eg er ikkje underlagt nokon ordrar frå statsministeren av Australia. Eg veit at de avlytter våre telefonlinjer, og de kan berre få lytte! Vi har ingen løyndomar. Her er det faktisk eg som bestemmer!

AI 2:

(til AI 1)

Åh, så typisk norsk. Eg har høyrte at dei er skikkeleg sjølv gode der oppe! Veit du kva som er mottoet deira? «Det er typisk norsk å vera god.» Herregud, og dei anklagar oss for rasisme!

NM 2:

Hei! Det er slettes ikkje mottoet vårt...

NM 1:

De er jo rasistar! De nektar å hjelpe folk i nød!

Statsminister:

Dei er ikkje i nød lenger! Tampa redda dei jo opp! Og det er flott! Men dei kan like gjerne segle til Indonesia som til oss!

AI 1:

Men dei ligg rett utanfor kysten vår! Eg kan sjå skipet frå der eg bur! Det er latterleg for dei å segle helt til Indonesia!

Rinnan:

Og skipet vårt er ikkje sjødyktig med så mange ombord. Men eg forstår at statsministeren er ingen sjømann.

AI 1:

Det er berre pga valet at du nektar å ta dei i land! Du er redd for å miste veljarar!

Rådgjevar:

Eg vil informere om at det foreståande valet har ingenting med...

NM 2:

Det er grotesk! Skal nasjonale maktspel bety meir enn liv og død?

Statsminister:

Dette er ikkje eit spørsmål om liv og død! Dei skipbrudne blei redda! Dei er ikkje i livsfare lenger!

AI 2:

Dei kjem i tusental. Vi har ikkje sjans til å kontrollere heile kystgrensa vår!

NM 1:

Pøh! Rasist, det er det du er! Berre tenk på auberginane!

AI 2:

Vi er ikkje rasistar, vi vil berre ikkje ha desse!!! (peiker mot flyktningane)

Nordmennene krangler vidare med AI 1, A2 krangler med rådgjevar, Rinnan krangler med statsminister. (pass på at ordbruken/temperaturen er avpassa dei ulike karakterane (kaptein Rinnan vil ikkje kalle statsministeren for ein «idiot», men det kan ein nordmann sei til ein vanleg australiar, f.eks.) Her kan vi også ha musikk for å bygge opp lydnivået, og evt også ein dans.

Statsminister:

Illegale flyktningar snik i køen! Dei står i vegen for lovlydige innvandrarar. Dei er køsnikarar!

Rasul:

TRUR DU VI HAR NOKO VAL??

(Alle blir stille og ser skremt på Rasul. Pause.)

Rasul:

No vil eg at Zahra skal få snakke litt! De skal halde kjeft! Og høyre på Zahra!

Scene 24 (lågt tempo)

Zahra:

Eg lurar på om de veit kvifor vi i det heile tatt flyktar.

Det virkar som om de ikkje tenker på det i det heile tatt. Som om vi berre plutselig har bestemt oss for å dukke opp på døra dykkar utan å ringe først, berre for å vera vanskelege. (liten pause) Vi kjem alltid til å sakne Afghanistan. Familie og vener.

Rasul:

Livet i gata, før taliban tok over og gjorde alt ulovleg. Før krigen. Zahra her er 16 år, og hugsar ikkje noko anna enn krig.

Zahra:

Nei, eg kan ikkje hugse at det har vore fredeleg i Afghanistan. Eg høyrer jo om det – kor vakkert det var i Kabul før. Det har vore så mange forskjellige krigar at det går i surr for meg. Men *folk dør!* Først var det pappa. Eg kan såvidt hugse faren min. Han blei skutt då eg var tre år. Havna i krysseld, sa dei. Blei treft i magen og låg fem dagar på sjukehus før han døydde. Det var i 1988.

Rasul:

1988. Då var Afghanistan framleis under russisk okkupasjon. USA gav pengar og våpen til Mujahedin – ei opprørsgruppe som til slutt dreiv Sovjet ut av landet vårt. Mujahedin skulle seinare bli til dagens Taliban.

Zahra:

Så var det søskenbarnet mitt, i 1994. Han var dum nok til å engasjere seg i ein av klanane som fortsette kriginga etter okkupasjonen. Han fekk våpen, og følte seg sikkert som ein helt. Onkelen fekk berre nokre levningar som han kunne gravlegge. Berre 17 år.

Rasul:

Det var nok av våpen i landet etter at Sovjet trakk seg ut. Det var fullt kaos i landet – borgarkrig gjennom heile 90-talet. Folk hadde kjempa på ulike sider gjennom heile okkupasjonstida, no skulle dei gjere opp seg i mellom.

Zahra:

Og så... ja... (ser på Rasul) så var det naboen vår. Faren til Rasul. I vår. Det var Taliban.

(liten pause)

Rasul:

Eg vet ikkje om de forstår korleis det er å ikkje få lov til å meine eller tenke eller sei det ein vil.

Zahra:

Faren til Rasul blei drept av Taliban fordi han var tidlegare medlem av kommunistpartiet. Dei seier at Rasul er nestemann på lista, difor er han her no. Og eg flyktar med mor mi.

Rasul:

Fatemeh har vore enke i 13 år. Og no har ho blitt gravid. Ikke veit eg kven som er faren, ikkje vil eg vite det heller. Eg syns ikkje noko om det. Men eg syns ikkje noko om kva Taliban gjer med

kvinner som Fatemeh heller. Offentlig avretting? Steining?

Zahra:

Ho brukte å arbeide som lærar.

Rasul: (ler)

Før ja. Då kvinner *kunne* arbeide. No får ikkje jenter eingong gå på skule.

Zahra:

Mange gutar går heller ikkje på skule.

Rasul:

Taliban vil at folk ikkje skal kunne lese. Dei som ikkje kan lese, høyrer heller på imamen, og trur på alt han seier! Religion knuser Afghanistan!

Zahra:

Det er ingenting gale med islam! Taliban har berre... laga sin eigen islam. Ein som passar for dei.

Rasul:

I meir enn 20 år har vi hatt krig. Sovjetisk okkupasjon, amerikansk innblanding, borgarkrig, Taliban...

Zahra:

Folk blei satt opp mot kvarandre.

Rasul:

Den eine krigen avløyser den andre. Den eine dagen er du ein helt for dei som styrer, så tar nokon andre over makta, og du er ein fiende.

Zahra:

Folk blir sett i fengsel. Folk blir drept!

Rasul:

Ja! Folk blir drept! Herr statsminister, dette *er* eit spørsmål om liv og død! For oss er det det!

(Alle er stille ei stund)

Scene 25

Rådgevar:

(kremt)

Eg syns kanskje vi mister litt fokus no...

Journalist:

(«vaknar» - og i dette øyeblikket er dei fiktive grensene på scenen tilbake)

Jah! Ja, så klart. Tilbake til saka!

Det er no 8 dagar sidan Tampa redda 438 skipbrudne utanfor Australia. Australske myndigheiter har i dag kunngjort at dei har funne ei løysing på problemet med dei afghanske flyktningane. Denne løysinga har blitt forhandla fram med bl.a. New Zealand og stillehavsoya Nauru. Statsminister

Howard var tydeleg letta då han presenterte planane på ein pressekonferanse i føremiddag.

Statsminister:

Vi vil takke våre samarbeidspartnarar på New Zealand og Nauru. Uten dei hadde ikkje denne løysinga vore muleg.

Journalist:

At den vesle stillehavsøya Nauru har fått ei så sentral rolle i dette, er overraskande. Øystaten er svært fattig og har eit dårleg næringsgrunnlag. Det blir sagt at Australia tilbyr Nauru ein stor årleg sum for å ta imot størstedelen av flyktningane.

(På tampa, på dekket. Alle flyktningane står vendt mot Førstestyrmann, som les opp telegrammet frå Australia)

FSM:

Som de forstår har Australia no kome fram til ei løysing på kor de skal få opphald. Her står det: «Alle familiar skal bli sendt til New Zealand, og vil få opphald der. Alle einslege menn skal bli sendt til øya Nauru, og vil få opphald der. Skipet «Manoora» vil frakte flyktningane dit dei skal.» Vi ventar altså berre på at denne båten skal komme, så vil de få komme dykk vidare.

En flyktning:

Kor ligg Nauru?

FSM:

Det er ei lita øy i Stillehavet. Nord-aust for Australia.

Ein flyktning:

Eg har aldri høyrte om Nauru før. Er det eit rikt land? Kan ein få seg jobb?

Rasul:

Snakkar dei engelsk der?

FSM:

Eg har dessverre ikkje mykje informasjon om Nauru, anna enn at det er ein liten øystat.

Ein flyktning:

Kan dei berre bestemme at vi skal dit? Er det ikkje opp til oss kor vi vil søke om asyl?

Zahra:

Hysj no, vi har fått hjelp, det kjem til å gå bra. Vi blir iallfall ikkje sendt tilbake til Afghanistan.

Ein flyktning:

Lett for deg å sei, du får jo reise til New Zealand. Vi havnar midt i ingenmannsland.

Journalist:

På helikopterbildene her ser vi at flyktningane førebur seg på å bli henta av eit anna skip som skal frakte dei til New Zealand og Nauru. Diplomati i Noreg og Australia er alt igang med å pleie forholdet mellom dei to landa etter denne krisa. Australia si løysing på problemet blir kritisert av mange land, men både norske og australske politikarar er nok letta no som dette er over.

(Journalist/Spelleiar kikkar litt på dei andre rollene)

Spelleiar:

Tja, vi kan vel egentleg avslutte skodespelet her, kan vi ikkje, Maiken? (navnet på den som speler FSM)

FSM/person 2:

Ja, vi har vel halde på ein times tid no...

(Dei skal til å bukke, nordmennene og australierne vil også bukke)

Rasul:

Hæ? Var dette alt vi skulle vise?

Zahra:

Det var jo mer som skjedde! Ambassadøren som kom ombord, f.eks.

Kristian:

Eg syns ikkje vi har fått fram at dei der australske soldatane, dei var egentleg veldig greie folk, altså!

Nordmann 1:

Rederi Wilhelmsen i Noreg har ikkje blitt nevnt engong! Tenk på alt arbeidet dei gjorde mens dette stod på!

Torbjørn Jagland (på tlf.):

Hallo, det er Torbjørn Jagland her! Jeg må si jeg er skuffet over at min rolle som utenriksminister i dette dramaet ikke ble lagt større vekt på!

Spelleiar:

Jadå, jadå, eg veit det! Men vi kan ikkje halde på i timesvis heller.

FSM:

Kan vi ikkje berre fortelje litt om korleis det gjekk med dei viktigaste rollane vidare?

Spelleiar:

Jovisst! Den australske statsministeren! John Howard, kan du komme hit! John Howard overlevde den massive kritikken han fekk frå store delar av verda, og vann valet i Australia.

Statsminister:

Eg var aldri imot at flyktningane skulle reddast i land. Eg meiner berre at TAMPA burde ha ført dei til Indonesia.

Spelleiar:

Zahra! Kom hit! Du representerer dei flyktningane som fekk komme til New Zealand. Du trivst der?

Zahra:

Ja, vi blei godt mottatt. Det er fint der.

Spelleiar:

Kaptein Arne Rinnan! Korleis går det med deg?

Kaptein Rinnan:

Heilt fint. Har pensjonert meg.

Spelleiar:

Du har fått tildelt mange ærevisingar for den jobben du gjorde på Tampa. Du er ein helt?

Kaptein Rinnan:

Nei, eg føler meg ikkje som ein helt. Men eg er ein god sjømann!

Spelleiar:

Rasul! Du kan stå her. Du representerer dei av flyktingane som blei sendt til Nauru. Er de nøgde der?

Rasul:

Du må ikkje misforstå. Eg er evig takksam overfor Kaptein Rinnan og hans mannskap! Vi har til og med ein fotballturnering på Nauru som vi har kalt opp etter Arne Rinnan. Vårt lag heiter TAMPA! Men.. Nei, vi har det ikkje godt. Vi blir behandla svært dårleg. Nauru får pengar frå Australia for å ha oss der, men vi ser ikkje noko til dei pengane.

Spelleiar:

Og så Kristian.

Kristian:

Ja.

Spelleiar:

Du representerer dei som var yngre mannskap på TAMPA – kadettane. Kva sit du igjen med av inntrykk?

Kristian:

Nei, eg... Eg skjønnte ikkje heilt kor stor denne saka var før etterpå. Men eg lurar jo av og til på korleis det går med dei, dei flyktingane. Tenker på dei kvar gong eg høyrer om Afghanistan på nyheitene.

(stille litt – folk ser på kvarandre)

Spelleiar:

Førstestyrmann, har du noko meir å tilføye?

FSM/person 2:

Nei, egentleg ikkje.

Spelleiar:

Skal vi få desse menneska ombord på Manoora då? Så TAMPA kan segle vidare til Singapore?

Musikk. Alle rollane går ut, bortsett frå mannskapet på Tampa. Flyktingane tar farvel med kvarandre, går ut i to grupper – to ulike retningar. Vi ser Zahra og Rasul ta farvel, og Rasul og Kristian tar kvarandre i hendene. Så er alt tilbake til det normale på Tampa. Kristian kostar golvet,

førstestyrmannen går gjennom nokre papir, Rinnan står på brua og ser framover. Lyset blir tatt ned/teppe, musikk går over i radioskurring, avbrutt av:

Radio:

Mayday! Mayday! Liten båt oppdaga utanfor Indonesia, SOS-teikn på dekk! Mayday!
(radioskurring) Mayday! Båt med utmatta afrikanarar er sett utanfor kysten av Spania. Kan nokon hjelpe? (radioskurring) Mayday! Båt i elendig forfatning blei nyleg sett utanfor kysten av Hellas. Det er observert born ombord. (radioskurring) Kan nokon komme til unnsetning? Kan nokon hjelpe? (radioskurring) Kan noen hjelpe? (radioskurring – fade ut)

SLUTT